

# ANDRE SKOLEDAG

TEKST: Erna Osland · ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Bjørn går.  
Han skal på skolen.  
Det er ikkje første skoledag.  
Det er andre.

Bjørn er ny på skolen.  
Han kjenner ingen,  
så han går sakte.  
Han går veldig sakte.  
Han har lyst til å gå heim.

Da ser han ei jente!  
Jenta går også sakte.  
Var det ho som heitte Erle?

Bjørn går litt fortare.  
Jo, det er Erle!  
Det er jenta med fuglenamnet.

Har Erle same skoleveg som han?  
Han spring mot henne.

Brått stansar Bjørn.  
Det kan jo vere at Erle  
ikkje vil gå med han?  
Dei er jo ikkje venner!

Bjørn står i ro.  
Han ventar på at  
Erle skal gå sin veg.

Men Erle går ikkje.  
Ho snur seg.  
– Bøøø, seier ho.  
Bjørn må le.  
– Kvirrevitt, seier han.  
Straks strekkjer Erle armene ut.  
Ho kjem flygande mot han.  
Og Bjørn tar fire lange byks.

– Eg er Erle, seier Erle.  
– Og eg er Bjørn.

Så går dei til skolen,  
ein bjørn og ei erle.  
Side ved side.

